

# Nordfjord Golfklubb Årsmelding for sesongen 2004.

Årsmøte 25.02.2005



Elias Greenkeeper med gravemaskina

## Årsmøte 25. februar 2005, sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemmar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Bruk av disponible midlar.
6. Fastsetjing av arbeidsplan for komande år.
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemmar og 2 varamedlemmar.
9. Eventuelt.

### Styret i 2004

Leiar : Kent Roger Tryggestad  
Nestleiar : Tom Skjerven  
Sekretær : Knut Rønnestad  
Kasserar : Pål Tore Jacobsen  
Styremedlem : John Matias Garlid  
Styremedlem : Åse Skaugseth  
Styremedlem : Grunneigarane  
Stephan ter Stege  
Svein Fjørtoft

Vara : Tove Skau  
Vara : Torbjørn Jacobsen

Styremøte er halde jamleg gjennom heile året.

### Valprotokoll 2000 – 2004:

Utheva person = på val

Gruppe	Verv	2000	2001	2002	2003	2004
Styre	Leiar:	Rolf Skrede	Kent Tryggestad	Kent Tryggestad	Kent Tryggestad	Kent Tryggestad
	Nestleiar:	Per Bergheim	Rolf Skrede	Oddvin Hansen	Tom Skjerven	Tom Skjerven
	Sekretær:	Hermann Rand	Knut Rønnestad	Knut Rønnestad	Knut Rønnestad	Knut Rønnestad
	Kasserar:	Knut Rønnestad	Pål T. Jakobsen	Pål T. Jakobsen	Pål T. Jakobsen	Pål T. Jakobsen
	Medlem:	Inge Holmøy	Per Bergheim	Per Bergheim	John M. Garlid	John M. Garlid
	Medlem:	Jan Skogstad	Inge Holmøy	Toril Fjørtoft	Åse Skaugseth	Åse Skaugseth
	Medlem:	Grunneigarar	Oddvin Hansen	Grunneigarar	Grunneigarar	Grunneigarar
	Vara:			Åse Skaugset Tove Skau	Tove Skau Torbj. Jacobsen	Tove Skau Torbj. Jacobsen
Grønt kort/ Handicap kom.	Leiar:		Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad	Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad	Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad	Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent Tryggestad
	Leiar:		Oddvin Hansen Olav Hjelle Kent Tryggestad Pål T. Jakobsen Bjørn Myklebust	Oddvin Hansen Olav Hjelle Helge Haugland Pål T. Jakobsen Bjørn Myklebust	Tom Skjerven Oddvin Hansen Helge Haugland Kari Hjelmeland	Tom Skjerven Rune Sunde Helge Haugland Kari Hjelmeland
	Leiar:		Per Bergheim Inge Holmøy Ivar B. Nord Grunneigarar	Per Bergheim John M. Garlid Ivar B. Nord Grunneigarar	John M. Garlid Per Bergheim Ivar B. Nord Dagfinn Gjerde Grunneigarar	John M. Garlid Per Bergheim Ivar Bjarte Nord Dagfinn Gjerde Svein Fjørtoft

						Stephan ter Stege
Sports-komité	Leiar:		Knut Rønnestad Øystein Nesse Jan Skogstad Dagfinn Gjerde Torodd Nord Torbj. Jakobsen	Knut Rønnestad Øystein Nesse Jan Skogstad Dagfinn Gjerde Torodd Nord Torbj. Jakobsen	Knut Rønnestad Øystein Nesse Jan Skogstad Torodd Nord Torbj. Jakobsen	<b>Knut Rønnestad</b> <b>Øystein Nesse</b> <b>Jan Skogstad</b> <b>Torodd Nord</b> <b>Torbj. Jakobsen</b>
Dame -komité	Leiar:			Torill Fjærtøft Åse Skaugseth Tove Skau	Åse Skaugseth Torill Fjærtøft Tove Skau	Åse Skaugseth Torill Fjærtøft Tove Skau
Idrettsrådet					Torill Fjærtøft	<b>Torill Fjærtøft</b>
Revisor		Rune Totland	Rune Totland	Rune Totland	Rune Totland	Rune Totland
Valnemnd	Leiar:	Oddvin Hansen	Jan Skogstad	Reidun Nesse Inge Holmøy Jan Skogstad	Reidun Nesse Per Jan Nesbakk Øystein Nesse	Erling Hjelle <b>Per Jan Nesbakk</b> <b>Øystein Nesse</b>

## Medlemar

I 2004 enda medlemstalet på 1310 medlemar. Vår daglege leiar, Gitta ter Stege, har gjort ein svært god jobb med oppfølging av medlemsmassen. Det er svært viktig å ha ein person som er tilgjengeleg og kan skrive ut medlemsskap så raskt at medlemmane føler at vi gjer ein profesjonell jobb. Mange av medlemmane melder seg inn "i siste liten", gjerne berre nokre dagar før vedkomande skal delta i ei turnering og det første spørsmålet ein møter er: "kor mange dagar er det til eg får handikapkortet i postkassa mi?". Då er det viktig å ha ein person tilgjengeleg til ei kvar tid.

Vi har framleis svært mange fjernmedlemar og styret ser det som eit satsingsområde å rekruttere fleire medlemar med lokal tilhøyring. I 2004 kom nok dette arbeidet litt i skuggen av bygging av permanent 9-holsbane.

## Aktivitatar

### Golf:

I 2003 meinte vi å merke at den sportslege aktiviteten på bana hadde gått litt ned, men 2004 sesongen viste at dette var eit blaff. Besøket på bana steig og dette skuldast nok den nye 9 holsbane- profilen og suverent vedlikehald av bana. Det viser seg at jungeltelegrafan går og jamleg vedlikehald og klipping av bana er svært viktig for å få godt besøk av gjestespelarar. Styret meiner at det i framtida må leggast særskild vekt på å presentere bana i den beste trim.

### Knøttegolffen:

Knøttegolffen har gått sin faste gang gjennom heile sesongen med bra oppmøte.

### Damegruppa:

Vi har nokre ivrige damer i golfklubben. Dei stiller på dugnadar med kaffi og kaker og syter for servering under konkurransar og arrangement.

Styret håpar å få fleire damer involvert og ser på dette som eit satsingsområde.

### Marknadsgruppa

Marknadsgruppa har i 2004 - sesongen gjort ein svært god jobb og har fått til fleire nye sponsor- avtalar.

### Anlegg / dugnad:

Det viser seg stadig at det er dei same personane som stiller på dugnad. Dette er nok litt frustrerende for dugnadsgjengen som føler at det er dei som "dreg lasset". Styret har diskutert ulike modellar for dugnadsarbeidet, men har ikkje kome til noko fullgodt resultat. Styret har vurdert å kostnadssette dugnadstimane på ein slik måte at dei lokale medlemane som ikkje møter på dugnad, yter sin skjerv økonomisk.

I 2003 starta arbeidet med oppbygging av permanent 9 holsbane. Vinteren 2003-04 arrangerte vi dugnadar på laurdagane for å legge til rette for den nye baneprofilen. Dugnadsarbeidet bestod for det meste av skoging for å lage opningar for dei nye banene. Det vart laga nye banekart, scorekort, opplysnings-skilt i tillegg til at det vart snikra fleire utslagsrampar og tee- skilt.

Elias Nes har lagt ned ein heilt formidabel jobb. Golfklubben fikk låne ei gravemaskin og Elias brukte mange dugnadsstimar i gravemaskin- setet. Han laga grøfter, stiar og vegar. Bana presenterte seg i ei heilt ny drakt i løpet av 2004- sesongen. Styret retter ei stor takk til Elias !



Hol nr. 4

Heilt frå starten på sesongen starta arbeidet med dei midlertidige greenane. Etter nokre få veker med intensiv klipping vart bana svært fin å spele på. Styret meiner at banegruppa og klippegjengen har gjort ein svært god jobb og bana har aldri presentert seg så fint som i 2004- sesongen.

Gjennom vinteren 03-04 fikk styret god hjelp frå Planteforsk til å velje dei rette vekstmassane til dei permanente greenane. Styret valde å gå for ei særskild type vekstmasse, produsert i Danmark. Massane kom med båt og Røyrhus starta arbeidet med å leggje ut massane. Vi inviterte ein representant frå Planteforsk for å overvake arbeidet med den fyrste greenen. Her fikk både entreprenør og styret gode tips for korleis arbeidet skulle utførast.

Etterkvart som greenane vart ferdig lagde, stod såinga for tur. Elias Nes var spurd av styret om å vere greenkeeper, noko han takka ja til. Han har nytta Planteforsk for å få tinga rett type såfrø og til å få laga gjødslingsplan. Områda rundt greenane og bunkerane vart planerte, rulla og sådde på dugnad. Etter såing vart det lagt vekstduk på greenane og vi kunne etter berre nokre få dagar sjå tendens til spiring. Etter nokre få veker stod alle greenane i grøn flor.

I vinter har det også vore gjennomført dugnadar på laurdagane. Det meste av arbeidet har i vinter bestått av skoging, særskilt rundt greenane. Dette for å sikre godt sollys og gode veksttilhøve for greengraset når gro - sesongen startar

Det nye toalettet i garasjen skal etter planen stå ferdig til sesongstart.

#### Konkurransedeltaking:

I sesongen 2004 vart det ikkje arrangert så mange konkurransar i regi av Nordfjord GK, men vi starta sesongen med den etterkvart så tradisjonsrike Skramlebytta. Dette er ei konkurranseform som fengjer mange og deltakinga er god.

Nokre få av medlemene våre er ivrige og deltek i konkurransar hos andre klubbar, men alt for få nyttar dette høve til å treffe golfvener i andre klubbar.

I Vanylven vart det arrangert "Olivin open" der Tore Naustdal (94 slag) plasserte seg heilt i toppen med ein 3. plass. Dagfinn Gjerde (115 slag) fikk 9. plass (25 deltakarar i 4 klassar).

I Vanylven sitt opne meisterskap, plasserte Dagfinn Gjerde seg på ein fin 5. plass (97 slag).

Fylkesmeisterskapet vart for fyrste gong arrangert i 2004, av Sunnfjord GK. Her hadde vi kun ein deltakar, Dagfinn Gjerde, som representerte klubben med ein 21. plass (34 deltakarar i klassa).

#### Klubbmeisterskapet 2004

Meisterskapet 2004 vart arrangert 5. september med god deltaking. Heile 34 deltakarar frå Eid, Selje og Vanylven fylte bana denne søndagen og det vart ein spanande konkurranse med "close race" i mest alle klassane.

I dameklassa spelte Tonje Nordheim og Torill Fjørtoft godt og delte klubbmeistertittelen, med 94 slag, føre bronsemedaljør Tove Skau.

I herreklassa var det Trond Kroken og fjorårsvinnar Tore Naustdal som kjempa om den gjevaste medaljen. Begge enda på det strålende resultatet 79 slag og blei klubbmeistrar føre bronsemedaljør Helge Haugland.

I seniorklassa blei det gullmedalje til Per Jan Nesbakk føre sølvmedaljevinnar Elias Nes.

I klassen gitar junior vart det John Vegard Sole Sunndal som vant med 94 slag, eitt fattig slag føre Asgeir Skrede. Bronsemedaljør vart Aleksander Telvik.

		Slag	Medalje
<b>Damer</b>			
1.	Tonje Nordheim	94	Gull
1.	Torill Fjørtoft	94	Gull
3.	Tove Skau	111	Bronse
4.	Gitta ter Stege	144	
<b>Herrar</b>			
1.	Trond Kroken	69	Gull
1.	Tore Naustdal	69	Gull
3.	Helge Haugland	72	Bronse
4.	John Mathias Garlid	76	
5.	Arild Hjelmeland	83	
6.	Dagfinn Gjerde	84	
7.	Jan Skogstad	86	
8.	Kent Tryggestad	88	
9.	Alf Werner Karlsen	89	
10.	Roger Challen	92	
11.	Bjørn Lien	97	
12.	Wilhelm Tangerud	104	
13.	Petter Oksholen	109	
<b>Herrar senior</b>			
1.	Per Jan Nesbakk	80	Gull
2.	Elias Nes	87	Sølv
<b>Gitar junior</b>			
1.	John V. S. Sundal	94	Gull
2.	Asgeir Skrede	95	Sølv
3.	Aleksander Telvik	101	Bronse
4.	Ingmar ter Stege	107	
5.	Øystein Grov	118	

Vandrepokalen "Golfaren" gjekk til beste spelar uansett klasse: Petter Bortne får selje GK, med 68 slag. Dei siste åra har Selje- spelarane Jørgen Lorentzen og Petter Bortne vore suverene og tatt til saman 2 napp kvar i pokalen.

I år var våre beste spelarar berre eitt slag frå omspel om pokalen og vi bvar hard konkurranse i klubbmeisterskapet 2005. Etter tre napp i pokalen, går den til odel og eige.

## **Formannen har ordet . . .**

*2004 har vel vært det viktigste året i klubbens historie. Vi har fått fullført utviding til 9 hulls bane med greener og bunkere av høy kvalitet. Nå venter vi i spenning på våren og det ferdige resultatet. Og vi kan være stolte av at vi holdt både totalbudsjettet for prosjektet og tidsrammen for såing, selv om det siste holdt hardt på slutten.*

*Vi har bestilt sloping av banen så tidlig som mulig i sesongen, og dette vil gjøre anlegget ennå mer attraktivt både for lokal- og gjestespillere.*

*Søknaden om spillemidler er oversendt og vi venter i spenning på resultatet. Vi har fått gode signal om tilslag, men ingenting er sikkert før pengene er innvilget. Vi kan uansett ikke vente utbetaling før i 2008-2009.*

*Vi måtte låne 1.500.000.- og har tatt dette lånet på 20 år. Dette gir et årlig avdrag på i underkant av 200.000.- og det bør vi klare uavhengig av tippemidler.*

*Utfordringen fremover blir å vedlikeholde og perfektionere banen. Dette krever dugnadsinnsats, så her må alle stille på. Her har Elias Nes gjort en kjempeinnsats som greenkeeper, gravemaskinfører og "alt-mulig-mann", all honnør til han!*

*Antall fjernmedlemmer har sunket siste året, og dette er en trend vi frykter kan fortsette. Nå må vi starte innsatsen med å rekruttere lokale medlemmer og få økt bruken av bana. Vi har sendt invitasjon til ungdomskolen og videregående med tanke på å få golf inn i undervisningen.*

*Jeg ønsker alle lykke til med en ny god golfsesong.*

*Golfhelsing*

*Kent R. Tryggestad*

styreleiar

For Styret i Nordfjord GK

Knut Rønnestad

sekretær